

## Referat FAU møte 2 14/15

### 27.10.14 Myking skule

#### Sak 6 – 14/15: Endringar styret

Leiar	Berit Bruvoll		
Nestleiar	Ida Marie Nordahl		
Sekretær	Anniken O. Sylta		
Kasserar	Solveig Holsen		
SU medlem	Edmund Nyheim	Vara	Kristin Bredholt
SKMU medlem	Remi Rognaldsen	Vara	Steinar Kleiven

Endringar i SU og SKMU vart vedteke.

#### Sak 7 – 14/15: Fotografering

FAU ynskjer å nytta Fovea til fotografering av 1., 4. og 7. klasse. Nina Hodneland organiserer dette.

#### Sak 8 – 14/15: Tilbod om dugnad frå Dugnadskonsulenten

Vedtak: Vi vil ikkje nytte dette tilbodet

#### Sak 9 – 14/15: Referat frå SU / SKMU

Berit orienterte om sakar på møte SU/SKUM:

- \* Konstituering
- \* Gjennomgang av ulike referat
- \* Kap. 1.11 i Opplæringslova
- \* Oppgåvene til SU/SKUM
- \* Elevmiljø, Manifest mot mobbing, BliMe
- \* Brukarundersøkinga
- \* Leksehjelp
- \* Planprogram
- \* Grunnskuleveka 3.-7. november 2014

#### Sak 10 – 14/15: Ynskjer frå elevrådet

Sakar frå elevrådet til FAU:

9- 14/15: Skuleløp Unicef

Elevrådet ynskjer nytt løp i haust. Dette er ok for FAU, men elevrådet oppmodast til å gi ut eit skriv der meir informasjon kjem ut til heimane (når det skal vere, korleis betale).

10- 14/15: Fotballdag, dyredag, karneval og skøytedag

FAU arrangerer karneval i februar.  
Skøytedagen kan FAU bidra med inngangspengar og skøyteleige, skulen bes om å leige buss samt å organisere dagen.  
Fotballdag og dyredag bes skulen å arrangere.

#### 11- 14/15: Leikeapparat

Elevrådet har kome med ynskjer om fleire lekeapparat, blant anna ein karusell og ein edderkoppdisse. FAU vil foreløpig avvende dette litt.

#### **Sak 11 – 14/15: Aktivitet i Grunnskuleveka**

FAU klarer ikkje arrangere noko i den veka grunnskuleveka er, men foreslår Open skule tysdag 11. november kl 18-19.30. Berit kontaktar Nils for avklaring.

Forslag til aktivitetar for kvelden:

18-18.30 Program i gymsalen, t.d. BliMe dansen

18.30-19 FAU kafè

19-19.30 Utstilling av det elevane har jobba med i grunnskuleveka, i klasseromma

Kvar klasse stillar med 2 bakverk. Solveig Holsen kjøper inn kaffi, saft, tallerkar, glas og serviettar. Vi treng hjelp i kafeen, vakt i klasseromma og hjelp til opprydding etterpå. Dette ordnast i samarbeid med klassekontaktane.

#### **Sak 12 – 14/15: Innspel til kommunen på planprogram**

Orientering frå Berit om vedtak i SU/SKUM som vert sendt til kommunen som innspel i høyringa for «Framlegg til planprogram for oppstart av arbeid med rullering av kommunedelplan skule 2014/20 for Lindås kommune».

#### **Sak 13 – 14/15: Anna**

\* Spesialundervisning

Informasjon vert vidaresend til FAU medlemmane

\* Tilskudd til PC hos NAV

Ny ordning som gjer at elevar med enkelte diagnosar kan få tilskod opptil 3600.- til innkjøp av PC. FAU ber skulen informere dei foreldra dette gjeld.

**Neste FAU møte: 5. januar 2015 kl. 19**

Ref. Anniken O. Sylta